



Kultur-og kirke departementet
Akersgt. 59

0180 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
04/718-2

Arkiv
N-233/

Dato:
25.06.2004

Framlegg til endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek.

Ullensvang herad ser positivt på at det no er framlegg til endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek. Kommunen er i hovudsak einig i dei endringar det er gjort framlegg om. Me ser trongen for at forskrifta vert tilpassa dagens situasjon, mengda med kommunar utan biblioteksjef med godkjent utdanning viser at den noverande ordninga ikkje fungerer godt nok.

Me er einig i at det blir rom for å tilsetja biblioteksjef utan fagutdanning fast, men med krav om kompetanseheving. Det er og svært bra at det vert lagt til rette for at slik kompetanseheving kan gjennomførast same kvar ein bur i landet.

Det er viktig å sikra best mogleg kompetanse i folkebiblioteka også i mindre kommunar, men kommunane må i større grad enn i dag sjølv få velja kva som er relevant utdanning. Mange biblioteksjefstillingar er deltidsstillingar eller kombinasjonsstillingar. Det kan vera meir relevant at biblioteksjefen har ei meir samansett utdanning med t.d. pedagogikk, kulturfag og bibliotekfag, enn at vedkomande har ei rein bibliotekfagleg utdanning. Dette vert delvis ivareteke i § 2 i framlegg til endring av forskrifta, men må også vurderast når ABM-utvikling skal utarbeida retningsliner for annan fagleg kompetanse som oppfyller kvalifikasjonskravet til fagutdanna biblioteksjef.

Ordninga med at kommunane må søkja ABM-utvikling om dispensasjon for tilsetjingar er svært spesiell og bør etter vår vurdering falla bort. Det er ikkje tilsvarende ordningar i andre kommunale stillingar som krev fagleg kompetanse på same nivå.

Med helsing
Oppvekst- og kulturetaten

Tone Tveito Eidnes
oppvekst- og kultursjef

Sakshandsamar sin tlf: 53 67 15 74
Sakshandsamar si e-postadr.: tone.tveito.eidnes@ullensvang.kommune.no

